

Vedtekter for Skolenes landsforbund

Landsmøteperioden 2013 - 2017

INNHALD

Kap. 1

| | |
|---|----------|
| Generelle vedtekter for Skolenes landsforbund, organisasjonsledda i forbundet og medlemmar | 5 |
| § 1 Generelt om vedtektene | 5 |
| § 2 Tolking av vedtektene og avgjersle av tvistar | 5 |
| § 3 Verkeområde for forbundet | 5 |
| § 4 Organisasjonsledda i Skolenes landsforbund | 5 |
| § 5 Føremål | 5 |
| § 6 Særorganisasjonar mv. | 6 |
| § 7 Medlemskap | 6 |
| § 8 Teieplikt for tillitsvalte og tilsette i forbundet | 7 |
| § 9 Kjønnkvotering | 7 |
| §10 Hovudkontor, firmateikning og forvaltning | 9 |
| §11 Rekneskap, revisjon og kontrollkomiteen | 9 |
| §12 Kontingent til Skolenes landsforbund | 9 |
| §13 Tariffkrav og tariffrevisjonar | 10 |
| §14 Avrøysting over tarifforslag | 11 |
| §15 Arbeidsstans | 12 |
| §16 Stønad under arbeidsstans | 12 |
| §17 Kampfondet | 12 |
| §18 Uravrøysting | 13 |

Kap. 2

| | |
|--|-----------|
| Dei sentrale vedtaksføre organa i forbundet | 13 |
| §19 Landsmøtet | 13 |
| §20 Landsmøtet sitt styringsområde | 14 |
| §21 Ekstraordinært landsmøte | 15 |
| §22 Landsstyret | 15 |
| §23 Landsstyret sitt styringsområde | 16 |
| §24 Forbundsstyret | 16 |
| §25 Forbundsstyret sitt styringsområde | 17 |

Kap. 3

| | |
|---|-----------|
| Vedtekter for lokale organisasjonsledd | 17 |
| Vedtekter for fylkeslag | 17 |
| §26 Oppretting | 17 |
| §27 Oppgåver | 17 |
| §28 Kontingent og økonomi | 18 |
| §29 Representantskapsmøte | 18 |
| §30 Ekstraordinært representantskapsmøte | 18 |
| §31 Fylkesstyret | 19 |
| §32 Oppløysing av fylkeslag | 19 |
| Vedtekter for foreiningar | 19 |
| §33 Oppretting | 19 |
| §34 Oppgåver | 19 |
| §35 Kontingent og økonomi | 20 |
| §36 Årsmøte | 20 |
| §37 Ekstraordinært årsmøte | 20 |
| §38 Medlemsmøte | 20 |
| §39 Foreiningsstyret | 20 |
| §40 Oppløysing av foreining | 20 |
| Vedtekter for klubbar | 21 |
| §41 Oppretting av klubb | 21 |

| | |
|----------------------------------|----|
| §42 Oppgaver | 21 |
| §43 Økonomi..... | 21 |
| §44 Årsmøte..... | 21 |
| §45 Ekstraordinært årsmøte | 21 |
| §46 Medlemsmøte | 21 |
| §47 Klubbstyret..... | 21 |
| §48 Oppløysing | 22 |

Kap. 4

| | |
|---|-----------|
| Fagblad, utval og heimesider | 22 |
| §49 Forbundet sitt fagblad og heimesider..... | 22 |
| §50 Forhandlingsutval..... | 22 |
| §51 Organisasjonsutval | 22 |
| §52 Utdanningspolitisk utval | 22 |

Kap. 5

| | |
|-----------------------------|-----------|
| Retningslinjer | 23 |
|-----------------------------|-----------|

Kap. 1

Generelle vedtekter for Skolenes landsforbund, organisasjonsledda i forbundet og medlemmar

§ 1 Generelt om vedtektene

Desse vedtektene er vedtekne av landsmøtet i Skolenes landsforbund i 2013.

A - Oppheving - endring

Vedtektene kan berre opphevast eller endrast etter vedtak på landsmøte i Skolenes landsforbund.

B - Særvedtekter

Om organisasjonsledd finn det naudsynt, kan det gjere vedtak om tillegg til desse vedtektene for verksemda si. Desse skal godkjennast av forbundsstyret/landsstyret.

§ 2 Tolkning av vedtektene og avgjersle av tvistar

Tolkning av desse vedtektene og tvistar knytt til vedtektene kan ikkje prøvast ved dei sivile domstolane. Dei vert avgjorte av forbundsstyret med rett til å klage til landsstyret.

På same måte vert organisasjonsmessige tvistesporsmål avgjorte som ikkje direkte er løyste i vedtektene.

§ 3 Verkeområde for forbundet

Skolenes landsforbund, som er tilslutta landsorganisasjonen i Noreg (LO), er ei landsomfattande samanslutning som organiserer arbeidstakarar og studentar innanfor utdanning, opplæring og oppvekst.

§ 4 Organisasjonsledda i Skolenes landsforbund

Organisasjonsledda i forbundet er:

1. Landsmøtet
2. Landsstyret
3. Forbundsstyret
4. Fylkeslag
5. Foreiningar
6. Klubbar
7. Faste utval
 - Organisasjonsutvalet
 - Utdanningspolitisk utval

I tillegg kan forbundet ha sentrale og lokale ad hoc-utval ved behov.

§ 5 Føremål

Skolenes landsforbund har til føremål:

- Å organisere medlemmar innanfor verkeområde i forbundet og opprette fylkeslag, foreiningar, klubbar og utval.
- Å tryggje og betre lønns-, arbeids- og pensjonsvilkåra til medlemmane.
- Å yte medlemmane hjelp ved tilsetting, oppseiing og under konflikter i lønns- og arbeidsforhold.
- Å sikre medlemmane rett til reell medråderett og påverknad på eigen arbeidssituasjon.
- Å sjå etter at dei tilslutta fylkeslaga, foreiningane, klubbane og utvala vert leia etter felles retningslinjer, slik at det ved solidarisk samverke mellom fylkeslag, foreiningar, klubbar og utval vert skapt eining og kraft i arbeidet for å fremje dei faglege, økonomiske, sosiale og kulturelle interessene til medlemmane.
- Å arbeide for at fagorganisasjonen alltid er fri og uavhengig.
- Å arbeide for eit utdanningssystem der FNs menneskerettserklæring av 1948 er det berande verdigrunnlaget, og der målet er eit samfunn prega av likeverd, likestilling og solidaritet mellom menneske og menneskegrupper både på det nasjonale og det internasjonale plan.

§ 6 Særorganisasjonar mv.

Det må ikkje dannast særorganisasjonar, celler, grupper eller aksjonsutval som arbeider for å setje ut av funksjon dei regulært oppretta og valde instansane innan forbundet eller å fremje føremål som ligg utanfor **dei til** forbundet.

§ 7 Medlemskap

A - Opptak av medlemmar

1. Alle lønnstakarar som har hovudstilling innanfor det verkeområdet som er bestemt i § 3 og studentar som utdannar seg for slik hovudstilling, og som godkjenner vedtektene i forbundet, kan verte medlemmar av forbundet. Det same gjeld for arbeidssøklarar til nye stillingar. Unnateke frå dette er: personar som står tilslutta eller representerer eit politisk parti eller ein organisasjon som har nazistisk, fascistisk eller rasistisk program.

Det same gjeld dei som har teke arbeid under godkjent arbeidsstans eller er ekskludert frå fagforbund tilslutta LO. Desse kan ikkje verte opptekne som medlemmar utan særskilt vedtak av forbundsstyret. Streike- eller blokadebrytarar kan ikkje under noko omstende verte medlem før vedkomande har ordna opp med det forbundet som saka høyrer inn under.

Medlemskap trer i kraft når det er registrert i forbundet. Om ein gjev urette opplysningar eller let vere å gje opplysningar som betyr noko for medlemskapen når ein vert teken inn som medlem, og på den måten villeiar forbundet, kan medlemskapen verte omgjort utan at ein har krav på å få tilbake innbetalt kontingent. Før omgjerding av slikt skjer, må vedkomande få høve til å forklare seg.

2. Innmelding må gjerast skriftleg til forbundet, eventuelt elektronisk. Ved innmelding får medlemmen forbundet sine vedtekter, program og medlemsbevis.

3. Ved innmelding vert ein medlem gjennom eit lokalt organisasjonsledd. På stader der forbundet ikkje har foreining/ klubb, vert ein direkte tilslutta fylkeslaget. I spesielle tilfelle kan ein verte direkte tilslutta forbundet.

4. Tvist om medlemskap i forbundet vert avgjort av forbundsstyret. Avgjersla kan ankast til LO.

B - Rettar og plikter for medlemmane

1. Ein medlem har plikt til å ta på seg tillitsverv som forbundet, fylkeslaget, foreininga eller klubben vel han til.

2. Ein medlem har rett til å seie frå seg val for like lang tid som han har vore valt for.

3. Ein medlem har sjølv plikt til å sjå til at medlemskapen til ei kvar tid er i orden.

C - Særskilte rettar for medlemmane

Dei rettar som vart opparbeidde for forbundet sine medlemmar i «NTLs forsikringskasse» før 1982 er frosne fast på det nivået dei var ved konstitueringa av Skolenes landsforbund som eige forbund.

Ved krav om utbetaling gjeld følgjande reglar for utrekning av ytingar:

1. Når ein medlem som har rett til forsikring dør, må dei etterlatne melde dette til forbundet.

Vedkomande må legitimere sitt forhold til avdøde og leggje fram naudsynt dokumentasjon.

2. Utrekning av ytingane vert gjort av SL sin kasserar. Ytinga vert utbetalt til dei etterlatne. Eventuelle tvistar om utrekning av ytinga vert avgjorte av forbundsstyret i SL.

D - Heidersmerke

Skolenes landsforbund sitt heidersmerke vert utdelt til alle medlemmar som har 25 års ubrote medlemskap i forbund tilslutta LO. Ved 40 års samanhengande medlemskap vert LO sitt heidersmerke tildelt. Ved 60 års samanhengande medlemskap i LO vert eit diplom og ein statuett tildelt.

E - Opptak av æresmedlem

Etter forslag frå forbundsstyret kan landsmøtet med tilråding frå landsstyret bestemme å oppta som æresmedlem medlem som har gjort forbundet særleg store tenester.

F - Kvilande rettar for medlemmar

1. Medlemmar som reiser ut av landet, kan søkje forbundet om å få oppretthalde medlemskapen med kvilande rettar. Ved innvilga søknad om kvilande rettar vert medlemmen friteken for kontingent, men ikkje for premie til kollektive forsikringar.

2. Når slik medlem vender tilbake, har han dei same rettar i forbundet som han hadde då han reiste utanlands. Desse rettane trer i kraft same dag som det er registrert i forbundet at medlemmen er attende.

3. Alle søknader om kvilande rettar vert avgjorte av administrasjonen i forbundet.

G - Overføring frå utanlandsk forbund

Medlemmar som i minst 3 månader har høyrte til utanlandske forbund som forbundet har gjensidig overeinskomst med, vert tekne opp i forbundet når vilkåra elles er til stades. Slike medlemmar får fulle rettar frå den tid dei vart organiserte.

H - Overflytting av medlemmar mellom LO-forbund

1. Medlemmar kan flyttast over frå eitt forbund, til eit anna innan LO. I slike tilfelle må medlemmane fylle dei vilkåra vedtektene i LO fastset for overflytting. (Jfr. Vedtektene i LO).
2. Ved overflytting frå eller til andre LO-forbund må melding sendast til Skolenes landsforbund for kvittering.
3. Ved overføring får medlemmen straks alle rettar i forbundet i forhold til medlemskapen sin i tidlegare LO-forbund.
4. Overflytting skal finne stad innan 2 månader etter at medlemmen har teke arbeid innanfor verkeområdet til eit anna forbund.

I - Utmelding

Ved utmelding skal medlemmen sende skriftleg melding til forbundet, som gjev melding til lønnskasserar om stopp i lønnstrekk for kontingent og forsikringspremie. Utmeldinga gjeld frå utløpet av den påfølgande heile månaden.

J - Utelukking av medlemmar/tillitsvalte

1. Medlemmar/tillitsvalte, som set seg ut over vedtektene eller vedtak i forbundet eller LO, eller på annan måte handlar til skade for organisasjonen eller medlemmane i forbundet, kan utelukkast frå medlemskap etter vedtak av forbundsstyret. Det skal innhentast tilråding frå lokalt organisasjonsledd. Slik utelukking kan gjerast anten for eit bestemt tidsrom (suspensjon) eller for alltid (eksklusjon). Vedtak etter ovanstående kan innan ein månad etter at skriftleg melding er motteken, utan oppsetjande verknad, ankast inn for landsstyret. Den ankande part har rett til å møte og/eller vere representert og forsvare saka si overfor det organisasjonsledd som etter ovanstående tek ei avgjerelse.
2. Suspenderte medlemmar må betale kontingent i den tida dei er suspenderte, men dei har ikkje høve til å delta i møta til foreininga.
3. Utelukking av medlemskap fører alltid med seg at medlemmane mistar alle tillitsverv i fagrørsla og dei kan ikkje delta i møte i forbundet.

K - Bi-medlemskap

LO-medlemmar som har annan hovudarbeidsgjevar og 37,5% stilling eller mindre i verksemdar innan SL sitt organisasjonsområde kan gjevast bi-medlemskap i SL, eller dei kan velje ordinært medlemskap. Bi-medlemskap inneheld ikkje kollektive forsikringsordningar.

Bi-medlemmar

1. vert gjevne ordinære rettar i klubb, foreining, fylkeslag og utval.
2. kan ikkje veljast til forbundet sitt landsmøte, landsstyre og forbundsstyre
3. betaler kontingent i samsvar med vedtektenes § 12.1 for stillingar/ane i skoleverk/undervisning til Skolenes landsforbund.

§ 8 Teieplikt for tillitsvalte og tilsette i forbundet

Alle tillitsvalte og tilsette i forbundet har teieplikt i saker som gjeld enkeltmedlemmar. Tillitsvalte og tilsette i forbundet har ikkje lov til å utlevere opplysningar om enkeltmedlemmar utan løyve frå medlemmen.

(Jfr. off. forvaltning og vanlege reglar for teieplikt.)

§ 9 Kjønnkvotering

Ved val til landsmøte, alle styrande organ og utval og i alle organisasjonsledd vert kjønnkvotering nytta. Minst 40 % av kvart kjønn skal vere representert der dette er mogleg.

§ 10 Hovudkontor, firmateikning og forvaltning

1. Forbundet har hovudkontor i Oslo.
2. Forbundsstyret bestemmer kven som skal forplikte forbundet.
3. Forbundet skal helst setje midla sine i bank. Middel som vert nytta til kjøp av fast eigedom og teikning av aksjar i føretak som forbundet har interesse av å vere medeigar i, skal plasserast etter vedtak i landsstyret.

4. Forbundsstyret må til ei kvar tid sjå til at midla til forbundet vert plasserte slik at dei i påkomande tilfelle kan realiserast snøgt.

§ 11 Rekneskap, revisjon og kontrollkomiteen

A - Rekneskap

1. Hovudføremålet med rekneskapen er å gje medlemmane innsikt i dei økonomiske aktivitetane og stillinga til forbundet.
2. Forbundet skal kvart år leggje fram årsrekneskap og årsmelding.
Årsrekneskapen og årsmeldinga skal underteiknast av forbundsstyret.
Rekneskapsførsel, årsrekneskap og årsmelding skal elles følgje dei føresegner som er fastsette i rekneapslova.

B - Revisjon

1. -Revisjonen i forbundet skal utførast av LO sitt revisjonskontor. Forbundet bruker statsautorisert revisor der det er naudsynt.
2. -Revisjonen skal utførast etter gjeldande, god rekneskapsskikk og i samsvar med den instruksen som LO har fastsett.
3. -Forhold som revisor har peika på overfor forbundet skal takast inn i brev som vert fortløpande nummererte. Slike brev skal journalførast i ein revisjonsprotokoll og takast vare på ordna og trygt saman med protokollen.
4. -Revisor pliktar å vere til stades på dei møte der godkjenning skjer.

C - Kontrollkomiteen

1. -Kontrollkomiteen er landsmøtet sitt kontrollorgan.
2. -Kontrollkomiteen skal føre tilsyn med verksemda i forbundet og sjå etter at forbundet følgjer lover og forskrifter, vedtekter og vedtak i forbundet sine vedtaksføre organ, i tillegg til vanleg organisasjonsmessig praksis.
3. -Kontrollkomiteen skal kontrollere uravrøystingar om tariffoppgjer.
4. -Kontrollkomiteen kan til alle tider forlange å få forbundet sine protokollar og dokument lagt fram for seg og krevje at tillitsvalte og tilsette gjev dei opplysningar som komiteen meiner er naudsynte for at komiteen skal kunne utføre vervet sitt.
5. -Kontrollkomiteen skal i arbeidet sitt følgje dei avgjersler som er gjevne i normalinstruks for kontrollkomiteane til forbunda.
6. -Kontrollkomiteen skal føre protokoll frå møta sine.
7. -Kontrollkomiteen skal gje meldinga si til dei organ som behandlar årsmelding og rekneskap.
8. -Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett i saker knytt til komiteen sitt arbeid.

§ 12 Kontingent til Skolenes landsforbund

A – Kontingenten sin storleik og innbetaling

1. Medlemmane betaler 1,35 % av brutto lønn som kontingent. Alle fylkeslag vert tildelt kr. 30 000 i ein årleg grunnsum. I tillegg vert minimum 10 % av innbetalt kontingent ført tilbake til lokale organisasjonsledd. Avsetninga til kampfondet skal vere 2 % av totalkontingenten inntil minimumskravet til storleiken på kampfondet etter LO sine vedtekter er oppfylte.
2. Ekstraordinær kontingent* vert utskriven av landsmøtet, landsstyret eller forbundsstyret når truande uro på arbeidsmarknaden gjer det ønskjeleg å styrke kampførebuinga til forbundet. (* Sjå også §§ 28 og 35 - utskriving av ekstrakontingent ved fylkeslag og foreiningar).
3. Ordinær og ekstraordinær kontingent skal, der det er inngått avtale med vedkomande arbeidsgjevar, trekkjast i lønn og innbetalast til forbundet etter gjeldande reglar for kontingentoppgjer. Når kontingenten ikkje kan trekkjast i lønna, skal kontingenten betalast av medlemmen til forbundet etter gjeldande reglar. Premiar til dei kollektive forsikringsordningane til forbundet vert kravde inn saman med kontingenten.
4. Kontingenten skal betalast for alle månadar i året.
5. Forbundsstyret har fullmakt til å dispensere frå kontingent av heilt spesielle tillegg som er pensjonsgjevande i Statens pensjonskasse.
6. Ein medlem som vert alderspensjonert eller uførepensjonert vert fritaken for kontingent ved å gje melding til forbundskontoret. Medlemmar som er alderspensjonert eller uførepensjonert, betaler eit årleg beløp til delvis dekking av informasjon, kollektive forsikringar og sakshandsaming for

pensjonistar. Medlemmar som held fram i stillinga si medan dei tek imot alderspensjon, betaler vanleg kontingent av løna.

- Det årlege beløpet vert fastsett av landsstyret.

7. Ved utmelding opphøyrer kontingentkravet først ved utløpet av neste månad etter at utmelding er motteken.

8. Direkte tilslutta medlemmar betaler same kontingent som medlemmar tilslutta foreiningane.

9. Studentar betaler eit årleg beløp fastsett av forbundsstyret til delvis dekking av informasjon og kollektive forsikringar.

B - Kontingentfritak

1. I periodar utan lønn vert medlemmar fritakne frå kontingent, dersom sjukdom, svangerskaps- og omsorgspermisjon, arbeidsløyse, arbeidsstans, militær- eller sivilteneste er skuld i dette. Ved skolegang som varer under 1/2 år med tilsvarende permisjon utan lønn frå hovudstillinga, kan kontingentfritak også innvilgast. Kollektive forsikringar må betalast.

2. Medlemmar som har permisjon utan lønn frå hovudstilling for å studere, og studiane varer 1/2 år eller meir, får ha den ordinære medlemskapen sitt, men betaler eit årleg beløp fastsett av forbundsstyret til dekning av informasjon og kollektive forsikringar.

3. Medlemmar som er nyutdanna, får innvilga kontingentfritak det første arbeidsåret etter avslutta grunnutdanning. Desse medlemmane betaler kollektive forsikringar.

Vilkåra for fritak av kontingent etter dei reglane som er nemnt, må dokumenterast overfor forbundet.

C - Kontingentrestanse

Står ein medlem til rest med kontingenten for meir enn 3 månader utan at forbundsstyret har samtykt i det, kan vedkomande strykast som medlem av forbundet. Lokale organisasjonsledd skal kontaktast før vedkomande vert strøken.

§ 13 Tariffkrav og tariffrevisjonar

1. Set forbundsstyret fram krav om ny tariffavtale, må kravet godkjennast av sekretariatet i LO på førehand.

2. Plassoppseiing kan gjerast når sekretariatet i LO har gjeve godkjenning etter punkt 1.

3. Fører ikkje forhandlingar eller mekling fram, og forbundet vil setje i verk arbeidsstans, må godkjenning frå sekretariatet i LO hentast inn.

4. Fylkeslag/foreining/klubb tilslutta forbundet kan ikkje fremje krav om oppretting av tariffavtale eller seie opp ein tariffavtale utan godkjenning frå forbundet og LO.

5. Lokale tariffkrav og tvistesaker vert handsama i samsvar med hovudavtalar og hovudtariffavtalar.

6. Eit fylkeslag/foreining/klubb kan ikkje på eiga hand gå til plassoppseiing.

7. Eit fylkeslag/foreining/klubb kan ikkje på eiga hand setje i gang arbeidsstans.

§ 14 Avrøysting over tarifforslag

1. Tarifforslag skal som regel leggast fram for dei medlemmane som interessetvisten gjeld. Resultatet av avrøystinga skal gje uttrykk for viljen hos medlemmane.

2. Har fleirtalet av dei medlemmane som interessetvisten gjeld stemt for forslaget, er det vedteke. Har fleirtalet stemt imot, er det forkasta.

3. Vert ikkje vilkåret i punkt 2 oppfylt, er avrøystinga ikkje bindande med mindre 2/3 eller meir av dei medlemmane interessetvisten gjeld har teke del i avrøystinga.

4. Har mindre enn 2/3 teke del i avrøystinga, og vilkåret i punkt 2 ikkje er oppfylt, sender forbundsstyret melding om avrøysting med innstilling til sekretariatet i LO om forslaget bør vedtakast eller forkastast.

5. Omfattar ei tarifførslø også andre LO-forbund, steller ein seg som bestemt i LO sine vedtekter.

6. Materieil til uravrøysting vert sendt ut frå forbundskontoret, anten til arbeidsplassar eller til einskilde medlemmar. Oppteljing skjer på forbundskontoret under tilsyn av kontrollkomiteen. Uravrøysting kan skje elektronisk.

7. Rett til å delta i avrøysting om ny tariffavtale har alle medlemmar ved arbeidsplassar der tariffavtalen gjeld.

8. På møte i klubb/foreining/ fylkeslag som handsamar tariffspørsmål, kan medlemmar i andre

forbund som er omfatta av tariffspørsmålet delta, dersom dei har rett til å oppretthalde medlemskapen sin i anna LO-forbund. Slike medlemmar har ikkje røysterett.

9. Medlemmar som under arbeidsstans utan gyldig grunn let vere å røyste over forslag til ny overeinskomst, mistar retten til å fortsetje å få stønad.

§ 15 Arbeidsstans

1. Når samtykke til å setje i verk arbeidsstans ligg føre, eller om lockout er varsla, skal dei organisasjonsledda som er omfatta av arbeidsstansen velje ei streike- eller lockoutnemnd. Fylkesstyret set i verk den kontrollen som er naudsynt under arbeidsstansen.
2. Så lenge arbeidsstansen varer, må ingen ta arbeid i bedrifter som er omfatta av arbeidsstansen eller i bedrifter der det er erklært absolutt sympatiaksjon. Tek medlemmane anna arbeid, må dei gje melding om det til fylkesstyret. Så lenge medlemmane har slikt arbeid fell stønaden bort.
3. Forbundsstyret tek avgjerd i kvart einskilt tilfelle om namn på streike- eller blokadebrytarar skal offentleggjerast.
4. Ingen organisert arbeidar må søkje arbeid etter avslutta lovleg streik eller lockout før alle medlemmane ved verksemda som var med i arbeidsstansen, har fått igjen arbeidet sitt. Den som tek arbeid i strid med dette, vert ramma av det som er bestemt i punkt 2 i denne paragrafen. I særlege tilfelle kan forbundsstyret gjere unntak.
5. Arbeidsstansen kan som regel ikkje hevast før dei organisasjonsledda som er interessepart i han, har uttalt seg. Organisasjonsledda kan heller ikkje heve arbeidsstansen før samtykke frå forbundsstyret er gjeve.
6. Berre dei medlemmane som interessetvisten gjeld har røysterett i spørsmålet om å setje i verk, avslutte eller fortsetje arbeidsstansen.
7. Ved alle avrøystingar skal reglane i §14 følgjast.

§ 16 Stønad under arbeidsstans

1. Arbeidsstans sett i verk på den måten som er fastsett i desse vedtektene, gjev alle medlemmane som vert omfatta av arbeidsstansen rett til stønad. Stønaden vert fastsett av forbundsstyret.
2. For å få rett til stønad må den einskilte medlemmen ha vore i arbeid på det tidspunktet då arbeidsstansen begynte, og ha betalt kontingent til forbund tilslutta LO i minst 2 månader før arbeidsstansen vart sett i verk.
3. Forbundsstyret fastset frå når stønad skal utbetalast.
4. Medlemmar som var sjuke då arbeidsstansen vart sett i verk, har krav på stønad frå den dagen dei vert friskmelde mot å leggje fram legeattest. Medlemmar som var utskrivne til militærteneste eller hadde permisjon med lønn av andre årsaker då arbeidsstansen vart sett i verk, får stønad frå den dag dei vert dimitterte eller skulle ha teke til att i stillinga. Sjå pkt.2 framfor.
5. Administrasjonen i forbundet sørgjer for utbetaling av stønad etter vedtak fatta i forbundsstyret.

§ 17 Kampfondet

1. Forbundet har plikt til å opparbeide eit kampfond som er i samsvar med vedtektene i LO.
2. Midlane i kampfondet skal plasserast slik at dei ikkje taper verdi, men samstundes snøgt kan nyttast til stønad når situasjonen krev det.

§ 18 Uravrøysting

1. Forbundsstyret kan gjere vedtak om uravrøysting i viktige saker. Forbundsstyret avgjer etter kva retningslinjer uravrøystinga skal gå føre seg. For uravrøysting i tariffspørsmål gjeld § 14.
2. Avrøystinga kan omfatte alle medlemmar i forbundet eller medlemmar i bestemte organisasjonsledd.
3. Sett bort frå dei saker som er nemnt i § 14, vert det kravd at minst 1/3 av dei medlemmane saka gjeld har teke del i avrøystinga for at resultatet skal vere avgjerande. I motsett fall er avrøystinga rådgjevande for forbundsstyret.

Kap. 2

Dei sentrale vedtaksføre organa i forbundet

§ 19 Landsmøtet

1. Landsmøtet er forbundet sitt høgaste organ. Ordinært landsmøte skal haldast kvart fjerde år (helst same året som kongressen i LO) på stad og tid som vert fastsett av landsstyret. Landsmøtet bør haldast i vårhalvåret.
2. Landsmøtet skal kallast inn 6 månader før det vert halde. Innkallinga vert sendt til fylkeslaga og foreiningane.
3. Klubbar, foreiningar, fylkeslag, forbundsstyret, landsstyret og utval har rett til å setje fram forslag til landsmøtet. Forslaga må vere komne inn til forbundsstyret seinast 5 månader før landsmøtet. Forslag til endringar i prinsipp- og handlingsprogram og vedtekter skal ha førebuande handsaming i utvala.

Utvala legg fram innstilling for landsstyret, som igjen innstiller for landsmøtet. Forslag frå organisasjonsledd som ikkje vert tekne med i forslaga landsstyret fremjar for landsmøtet, kan fremjast på nytt i landsmøtet

4. Forslag til saksliste, forretningsorden, innstillingane frå landsstyret og innsendte forslag skal sendast til dei valte delegatane, foreiningane, fylkeslaga, forbundsstyret, landsstyret og utvala seinast 2 månader før landsmøtet.

5. Landsmøtet består av valte representantar og av medlemmane i landsstyret. Forbundssekretæraner samt Skolenes landsforbund sin representant i LO sitt ungdomsutval møter på landsmøtet med tale- og forslagsrett.

a) Talet på representantar vert rekna ut på grunnlag av talet på medlemmar innan kvart einskilt fylkeslag, som har gjort pliktene sine eller er innvilga fri kontingent etter § 12. Utrekningsgrunnlaget vert sett til utgangen av næraste heile kvartal før landsmøtet skal kallast inn. Representasjonsreglane er følgjande:

Frå 8 inntil 50 medl. gjev 1 repr.

Frå 51 inntil 100 medl. gjev 2 repr.

Frå 101 inntil 200 medl. gjev 3 repr.

Frå 201 inntil 300 medl. gjev 4 repr.

Frå 301 inntil 400 medl. gjev 5 repr.

Frå 401 inntil 500 medl. gjev 6 repr

Og vidare 1 representant for kvar påbegynt 200 medlemmar inntil 2500 medlemmar og etter 2500 medlemmar 1 representant for kvar påbegynt 500 medlemmar.

b) Valfør som representant er berre ein som har vore betalande medlem i eit forbund tilslutta LO i minst 1 år før landsmøtet vert halde.

c) Skjema for fullmakt vert sendt forbundet innan fastsett frist. Skjema skal innehalde namn på dei valte delegatane og ei eiga liste med vararepresentantane. Vararepresentantane rykkjer opp i nummerorden ved forfall. Fullmaktene skal vere underskrivne av to av medlemmane i fylkesstyret. Fullmaktene skal granskast av ein fullmaktskomité valt av landsmøtet. Komiteen legg innstillinga si fram for landsmøtet, som gjer det endelege vedtaket om godkjenning av fullmaktene.

6. Landsmøtet gjer vedtak om den endelege sakslista og forretningsorden.

7. Ved avrøysting på landsmøtet har kvar representant ei røyst. Sakene vert avgjorte ved røystefleirtal. I tilfelle der det er like mange røyster, er forslaga forkasta. Medlemmane i landsstyret har ikkje røysterett i saker som vedkjem ansvarsfridom for dei vedtaka dei har vore med på som medlemmar av landsstyret og forbundsstyret.

Det same gjeld saker om tvistar mellom forbundsstyret og landsstyret som vert lagte fram på landsmøtet. I slike saker har dei berre tale- og forslagsrett.

8. Fylkeslaga betaler ein fastsett eigendel for representantane sine. Landsmøtet fastset eigendelen.

§ 20 Landsmøtet sitt styringsområde

1. Landsmøtet skal handsame og gjere vedtak i alle saker som er førte opp på den vedtekne sakslista. På sakslista skal alltid stå handsaming av årsmeldingar, rekneskapar for landsmøteperioden og innkomne forslag.

2. Landsmøtet skal velje dei tillitsvalte i forbundet, også valte forbundssekretærar. Val av tillitsvalte går føre seg ved særskilt val og elles etter reglane i punkt 3.

3. Det skal veljast eit forbundsstyre med forbundsleiar, 1. nestleiar, 2. nestleiar. og i tillegg 6 medlemmar og 6 varamedlemmar. Ein av nestleiarane skal utpeikast som hovudkasserar. Utover dei valte forbundsstyremedlemmane vert dei andre medlemmane av landsstyret valt med to personlege vararepresentantar, slik at alle fylke er fast representerte i landsstyret. Ved val av landsstyre skal så vidt mogleg minst 40 % av kvart kjønn og dei ulike yrkesgruppene innan organisasjonsområdet vere representerte. Fylkeslaget nominerer ein kandidat til landsstyret. Minst ein av dei to varaene skal vere av motsett kjønn.

4. Landsstyret skal velje nye varamedlemmar til fylke der landsmøtevalt vararepresentant rykkjer inn på fast plass. Fylkeslaget skal gjevast forslagsrett.

5. Det einskilde fylkeslag kan etter søknad til landsstyret be om å få valt nytt landsstyremedlem i landsmøteperioden. Landsstyret avgjer søknaden.

6. Ved val av tillitsvalte vert det kravd tilslutning av meir enn 50 % av røystene. Har ein ikkje oppnådd det ved den første avrøystinga, vert det omval og kandidaten med færrest røyster skal strykast. Det vert omval til ein av kandidatane har oppnådd 50 % av røystene. Ved likt røystetal vert det loddtrekning.

7. Tillitsvalte begynner 1.januar viss landsmøtet vert halde i 2.halvår og 1.august om landsmøtet vert halde 1.halvår.
8. Om eit forbundsstyre- eller landsstyremedlem i landsmøteperioden vert valt til forbundssekretær, trer vedkomande ut av forbundsstyret eller landsstyret, og første varamedlem rykkjer opp som medlem med røysterett i denne perioden.
9. Landsmøtet skal velje kontrollkomité med 2 medlemmar og 2 varamedlemmar.
-Medlemmar og varamedlemmar i kontrollkomiteen skal ikkje vere fast lønna av forbundet og tiltrer vervet direkte etter landsmøtet.
10. Landsmøtet skal velje medlemmar til dei andre utvala i forbundet.
11. Landsmøtet skal velje representantar med vararepresentantar til LO sin kongress og LO sitt representantskap.
12. Landsmøtet skal etter gjeldande vedtekter velje medlemmar med varamedlemmar til styret og representantskapet i LO Stat og til dei styrande organa i LO Kommune.
13. Landsmøtet skal handsame vedtektene for forbundet og forbundet sitt prinsipp- og handlingsprogram.
14. Benkeforslag om endringar i vedtektene kan ikkje takast opp til handsaming på landsmøtet utan at dei har samband med forslag som er sette fram på vanleg måte.
15. Landsmøtet skal avgjere alle stridsspørsmål mellom forbundsstyret og landsstyret, mellom desse og dei tilslutta fylkeslaga eller mellom foreiningane innbyrdes, om ikkje vedtektene fastset ein annan framgangsmåte.
16. Landsmøtet skal fastsetje kontingenten som skal betalast til forbundet.

§ 21 Ekstraordinært landsmøte

1. Ekstraordinært landsmøte kan kallast inn av landsstyret når det er naudsynt. Det same har forbundsstyret plikt til å gjere når fylkeslag eller foreiningar som representerer minst halvparten av medlemmane i forbundet på lovleg innkalla representantskapsmøte/ekstraordinære representantskapsmøte krev det.
2. Ekstraordinært landsmøte bør kallast inn med minst 15 dagars varsel, og kan berre handsame dei sakene som var årsak til innkallinga.
3. Representantar til det ekstraordinære landsmøtet er dei som er valte til det siste ordinære landsmøte. Ved evt. erstatning eller supplering må fylkesstyret velje ny representant etter gjeldande representasjonsreglar. (§ 19.5)

§ 22 Landsstyret

1. Landsstyret er det høgaste organet i forbundet når landsmøtet ikkje er samla. Det er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmane er til stades.
2. Landsstyret kjem saman til møte så ofte forbundsstyret finn det naudsynt, og minst to gonger kvart år. Landsstyret skal også møtast når minst halvparten av medlemmane i landsstyret krev det.
3. Medlemmar og innkalla varamedlemmar i landsstyret har møteplikt. Møter ikkje ein innkalla opp på to møte etter kvarandre utan å melde gyldig forfall, skal vedkomande utelukkast frå landsstyret, og varamedlemmen i fylket rykkjer då opp som fast medlem.
4. Møta i landsstyret skal leiast av valte dirigentar. Ved likt røystetal i landsstyret er røysta til forbundsleiaren avgjerande. Når leiaren har fråvær, gjeld dette nestleiar.
5. I landsstyret har medlemmane i forbundsstyret røysterett i alle saker med unntak av årsmelding og rekneskap.
6. Går ein av dei valte landsstyremedlemmane ut av forbundet, tar representanten sitt varamedlem over plassen for resten av landsmøteperioden.
7. Reiseutlegg, diett og tapt arbeidsforteneste i samband med landsstyremøta vert dekte av forbundet.
8. Forbundssekretærane og Skolenes landsforbund sin representant i LO sitt ungdomsutval møter i landsstyret med tale- og forslagsrett. Ein valt representant frå funksjonærene, har rett til å vere til stades med tale- og forslagsrett.
9. Forbundsleiinga og forbundssekretærane har tilgjenge til alle møte i fylkeslag og foreiningar og andre organ, med tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.
10. Kontrollkomiteen møter med 2 representantar i landsstyret.

§ 23 Landsstyret sitt styringsområde

Landsstyret skal:

1. Handsame og førebels godkjenne årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding for førre år og budsjett for komande år.
2. Handsame og vedta generelle retningslinjer for forbundet i samsvar med §5.

3. Setje i verk suppleringsval av varamedlemmar til landsstyret.
4. Velje forbundssekretær etter forslag frå forbundsstyret.
5. Setje i verk suppleringsval til, og eventuelt andre endringar i, utvala i forbundet.
6. Fastsetje lønns- og arbeidsvilkåra til dei tillitsvalte.
7. Ta avgjersler i saker som er anka inn etter §2 eller §7 punkt J.
8. Utlukke ekstrakontingent i samsvar med §12.2.
9. Handsame alle saker som er anka inn av medlemmar i forbundsstyret.
10. Innstille overfor landsmøtet på endringar til forbundet sitt prinsipp- og handlingsprogram og vedtekter på grunnlag av innkomne forslag frå utvala.
11. Handsame andre saker som er førte opp på sakslista.
12. Vere ankeinstans for organisasjonsledd og medlemmar i fht. tidlegare forbundsstyrevetak.
13. Avgjere tvistar om fortolking av vedtektene i forbundet.
14. Velje ein valkomité med 5 medlemmar på ordinært landsstyremøte våren før kvart ordinære landsmøte. Komiteen skal foreta kartlegging og legge fram forslaget seinast innan 14 dagar før landsmøtet.

§ 24 Forbundsstyret

1. Forbundsstyret er vedtaksført når minst 6 av dei 9 medlemmane er til stades. Ved likt røystetal i forbundsstyret er forbundsleiaren si røyst avgjerande. I forbundsleiaren sitt fråvær gjeld dette nestleiar.
2. Møte vert halde så ofte det er naudsynt av omsyn til saksmengda.
3. Medlemmar og innkalla varamedlemmar av forbundsstyret har møteplikt. Møter ikkje ein innkalla opp på tre møte etter kvarandre utan å melde gyldig forfall, skal vedkomande utelukkast frå forbundsstyret, og første varamedlem rykkjer då opp som fast medlem.
4. Forbundssekretærene møter i forbundsstyret med tale- og forslagsrett.
5. I saker som vedkjem lønns-, tilsetjings- og arbeidsvilkår for funksjonærane, tiltrer den hovudtillitsvalte for funksjonærane forbundsstyret med alle rettar. I alle andre saker møter funksjonærane med sin representant med tale- og forslagsrett.
6. Vedtak i forbundsstyret kan av eit mindretal ankast inn for landsstyret.
7. Fylkeskonferansen er forbundsstyret sitt rådgjevande organ. På fylkeskonferansen skal kvart fylke vere representert med det så mange representantar som forbundsstyret fastset. Det einskilde fylkesstyret avgjer kven som skal vere deira representantar. Fylkeskonferansen vert kalla inn minst ein gong i året.

§ 25 Forbundsstyret sitt styringsområde

Forbundsstyret skal:

1. Leie verksemda i forbundet i samsvar med vedtektene og landsmøtet og landsstyret sine vedtak.
2. Førebels godkjenne og underskrive årsrekneskap og årsmelding etter rekneskapslova og innstille overfor landsstyret.
3. Samordne tariff- og utdanningspolitiske spørsmål i samsvar med føremål og program for forbundet og LO og etter dei retningslinjer som til ei kvar tid er trekte opp. Forbundsstyret har ansvaret for dei tariffpolitiske spørsmåla om lønns- og arbeidsvilkår.
4. Handsame søknader om permisjon og fritak frå verv frå tillitsvalte, og setje i verk suppleringsval som vert lagde fram for landsstyret.
5. Tilsetje funksjonærar innanfor stillingsheimlane til forbundet fastsett av landsstyret, og fastsetje lønns- og arbeidsvilkår for dei.
6. Forvalte forbundet sine middel i samsvar med §10.3.
7. Innkalle landsstyret og landsmøtet og førebu dei sakene som skal handsamast der.
8. Utlukke ekstrakontingent i samsvar med §12.2.
9. Sjå til at det vert teikna forsvarleg ansvarsforsikring for tilsett(e) og kasserar(ar).
10. Vedta politiske og økonomiske fullmakter for arbeidsutvalet som består av leiar, 1. og 2. nestleiar.

Kap. 3

Vedtekter for lokale organisasjonsledd

Vedtekter for fylkeslag

§ 26 Oppretting

I kvart fylke skal det vere eit fylkeslag av Skolenes landsforbund.

§ 27 Oppgåver

1. Fylkeslaget skal arbeide etter dei retningslinjer som går fram av vedtektene og programma for Skolenes landsforbund og Landsorganisasjonen i Noreg.
2. Fylkeslaget har det overordna ansvaret for å ivareta medlemmane sine interesser. Fylkeslaget skal sjå til at naudsynte hovudtillitsvalte vert valte og meldte til arbeidsgjevar innan kvart avtaleområde.
3. Fylkeslaget skal sjå til at det vert gjennomført lokale forhandlingar for medlemmar på kommunalt, statleg og andre tariffområde, og at det vert valt forhandlingsutval for fylkeskommunen og for kommunane i fylket og eventuelt andre tariffområde, dersom dette ikkje vert ivareteke av foreininga.
4. Fylkeslaget skal ivareta oppgåvene til foreiningane (jfr § 34.3) i fylket/delar av fylket der det ikkje finst foreining(ar).
5. Fylkeslaget kan opprette fagseksjonar.
6. Fylkeslaget har ansvaret for å drive opplæring og skoling av medlemmar, i tillegg til informasjon og vervearbeid.
7. I samsvar med retningslinjer trekte opp av Skolenes landsforbund og LO samarbeider fylkeslaga med andre organisasjonar. Fylkeslaget skal arbeide for å styrke solidariteten og samarbeidet mellom forbund og organisasjonsledd i LO.

§ 28 Kontingent og økonomi

1. Fylkeslaget og foreiningane sin del av den tilbakeførte kontingenten frå forbundet (sjå § 12.1) vert bestemt av fylkeslaget sitt representantskapsmøte.
2. Representantskapsmøte i fylkeslaget kan i særskilte tilfelle skrive ut ekstrakontingent. Slikt vedtak må godkjennast av forbundsstyret.

§ 29 Representantskapsmøtet

1. Representantskapet vert kalla inn så ofte det er naudsynt, men minst ein gong kvart år. Representantskapet skal handsame årsmelding(ar), rekneskap, budsjett, handlingsplan, innkomne forslag og val årleg eller annakvart år innan utgangen av mai månad. Representantskapet vert kalla inn 4 veker på førehand samtidig som melding om tidspunkt og utkast til førebels sakliste vert sendt foreiningane. Foreiningane, klubbane og medlemmane har rett til å setje fram forslag til dette representantskapsmøtet. Forslaga må vere komne inn til fylkesstyret seinast 2 veker før representantskapsmøtet. Sakspapir skal vere sendt ut til foreiningane og medlemmane før representantskapsmøtet. Foreiningane/klubbane vel representantar til representantskapsmøtet i samsvar med ei representasjonsordning fastsett av fylkesstyret.
2. Leiar, nestleiar, kasserar og sekretær skal veljast ved særskilte val.
3. Det skal orienterast om årsmelding og rekneskap i foreiningane.
4. Det skal veljast representant(ar) til forbundet sitt landsmøte.
5. Det skal sendast inn godkjente årsmeldingar, rekneskap og meldingar om val for foreiningar og fylkeslaget til forbundet.

§ 30 Ekstraordinært representantskapsmøte

Det vert kalla inn til ekstraordinært representantskapsmøte, dersom minst 1/4 av medlemmane eller eit fleirtal av foreiningane/ klubbane krev det eller etter krav frå fylkesstyret eller forbundsstyret. Ekstraordinært representantskapsmøte skal kallast inn med minst to vekers varsel og kan berre drøfte dei saker som er sett opp i møteinnkallinga.

§ 31 Fylkesstyret

1. Styret har minst 5 medlemmar og minst 2 varamedlemmar. Fylkeslaget sin landsstyrerepresentant tiltrer fylkesstyret i heile landsmøteperioden. Ein av medlemmane skal vere studieleiar.
2. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Ved likt røystetal avgjer leiaren si dobbeltrøyst.
3. Fylkesstyret har ansvaret for å førebu og kalle inn til representantskapsmøte.

4. Fylkesstyret er fylkeslaget sitt høgaste organ mellom representantskapsmøta og leier arbeidet i samsvar med dei vedtekter og program som gjeld for forbundet og § 27 i vedtektene for fylkeslag i tillegg til dei retningslinjer som vert trekte opp av representantskapsmøtet.
5. Fylkesstyret skal halde kontakt med foreiningane/klubbane, dei tillitsvalte og direkte tilslutta medlemmar.
6. Gjennom studieleiaren skal fylkesstyret, i samarbeid med LO Stat og LO Kommune, andre forbund og organisasjonsledd i LO, få i gang studiearbeide og sørge for at tillitsvalte får den opplæringa dei treng.
7. Forbundsstyret har til alle tider rett og plikt til å gjennomgå rekneskapa i fylkeslaget. Forbundsstyret kan vidare krevje at rekneskapa vert gjennomgånne av LO sin tilsynsrevisor etter samråd med LO sitt revisjonskontor.

§ 32 Oppløysing av fylkeslag

1. Fylkeslag kan ikkje oppløysast utan godkjenning frå forbundsstyret.
2. Om fylkeslaget vert oppløyst går aktiva til forbundskassa.

Vedtekter for foreiningar

§ 33 Oppretting

På arbeidsplassar eller i avgrensa område kan det etter søknad til forbundsstyret opprettast foreining. Søknaden vert sendt om fylkesstyret som vidare sender han til forbundsstyret med sine merknader. Fylkesstyret kan også søkje om oppretting av ny foreining for ei medlemsgruppe.

§ 34 Oppgåver

1. Foreiningane skal arbeide etter dei retningslinjene som går fram av vedtektene og programma for Skolenes landsforbund og Landsorganisasjonen i Noreg.
2. Foreininga skal søkje å organisere alle lønnsstakarar som kjem inn under foreininga sitt organisasjonsområde.
3. Foreininga skal ivareta medlemmane sine interesser overfor kommunale styresmakter, blant anna ved å sørge for at det vert valt kommunetillitsvalte etter gjeldande avtaleverk. Foreininga skal sørge for at det vert valt forhandlingsutval og gjennomført lokale forhandlingar for medlemmar på kommunalt og statleg tariffområde, eventuelt andre tariffområde innanfor foreininga sitt organisasjonsområde. Ved behov vert forhandlingsutval som er nedsett på fylkesnivå nytta.
4. Foreininga skal halde jamleg kontakt med enkeltmedlemmar.
6. Foreininga skal i samarbeid med fylkeslaget ha ansvar for opplæring og skolering av medlemmar, i tillegg til informasjon og vervearbeid.
7. Foreininga skal slutte seg til den lokale LO-avdelinga på staden.

§ 35 Kontingent og økonomi

Årsmøte i foreininga kan i særskilte tilfelle skrive ut ekstrakontingent. Slikt vedtak må godkjennast av forbundsstyret.

§ 36 Årsmøte

1. Ordinært årsmøte bør haldast før fylkeslaget sitt representantskapsmøte, og seinast innan utgangen av april. Årsmøtet skal kallast inn minst tre veker før det vert halde, saman med utkast til førebels sakliste. Klubbar og medlemmar har rett til å setje fram forslag til årsmøtet. Forslaga må vere komne inn til foreiningsstyret seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmøtet skal halde val og handsame årsmelding og rekneskap. Godkjent melding og rekneskap skal sendast fylkeslaget.

2. Val av styre vert gjort på årsmøtet. Leiar og kasserar skal veljast ved særskilte val.

Det skal veljast 2 revisorar og valkomité.

3. Foreiningar som har behov for det kan organiserast med representantskap. §§ 28 nr. 2, 29 nr. 1 og 2 og 30 gjeld då tilsvarande som for fylkeslag.

§ 37 Ekstraordinært årsmøte

1. Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn når styret eller minst 1/4 av medlemmane krev det. Forbundsstyret kan også krevje at det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte.

2. Det ekstraordinære årsmøtet kan berre handsame dei saker som har vore grunn til innkallinga. Slikt årsmøte kan kallast inn med 1 veker varsel.

§ 38 Medlemsmøte

1. Medlemsmøte skal haldast så ofte styret gjer vedtak om det. Saksliste vert bestemt av styret og skal kunngjerast på førehand. Forslag som er komne inn frå medlemmar i samsvar med punkt 2 i denne paragrafen, skal førast opp på sakslista.
2. Medlemmer som ønskjer saker tekne opp i medlemsmøte, skal melde det til styret.

§ 39 Foreiningsstyret

Styret i foreininga skal bestå av minst 3 medlemmar og minst 1 varamedlem.

1. Om det vert valt studieleiar, skal denne vere medlem av styret.
2. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Er det likt røystetal avgjer leiaren si dobbeltrøyst.

§ 40 Oppløysing av foreining

1. Foreininga kan ikkje oppløysast utan godkjenning frå forbundsstyret.
2. Om foreiningar vert oppløyste, går alltid aktiva i foreininga til fylkeslaget si kasse.

Vedtekter for klubbar

§ 41 Oppretting av klubb

På arbeidsplassar med fleire medlemmar skal det som hovudregel opprettast klubb. Der det ikkje er praktisk mogleg å opprette klubb, må det avtalast mellom SL sine medlemmar kven som skal representere SL på arbeidsplassen.

§ 42 Oppgåver

1. Klubben skal arbeide etter dei retningslinjer som går fram av vedtektene og programma for Skolenes landsforbund og Landsorganisasjonen i Noreg.
2. Klubben skal arbeide for å organisere alle lønnstakarar som kjem inn under organisasjonsområdet til klubben.
3. Klubben skal ta vare på medlemmane og forbundet sine interesser på arbeidsplassen i forhold til dei styrande utvala og drøftande organa i driftseininga.
4. Klubben skal ta initiativ til opplæring og skoloring av medlemmar overfor foreining/fylkeslag.
5. Klubben skal ha ansvar for informasjon til medlemmar, og for lokalt vervearbeid.
6. Klubben skal utføre andre oppgåver gjevne av foreininga/fylkeslaget eller forbundet.

§ 43 Økonomi

Klubben får dei økonomiske midlane sine gjennom søknad til/vedtak i foreininga/fylkeslaget han er tilslutta.

§ 44 Årsmøte

Ordinært årsmøte bør haldast innan utgangen av april. Årsmøte skal kallast inn med minst ei veker varsel saman med utkast til førebels saksliste. Medlemmar har rett å setje fram forslag til årsmøtet. Forslaga til årsmøtet må vere komne inn til klubbstyret seinast tre dagar før årsmøtet. På årsmøtet skal det haldast val og handsamast årsmelding, rekneskap og innkomne forslag. Melding om val skal sendast foreining, fylkeslag og arbeidsgjevar innan åtte dagar.

§ 45 Ekstraordinært årsmøte

1. Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn når styret eller minst 1/4 av medlemmane krev det. Foreiningsstyret kan også krevje at det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte.
2. Det ekstraordinære årsmøtet kan berre handsame dei sakene som har vore grunn til innkallinga. Slikt årsmøte kan innkallast med to dagars varsel.

§ 46 Medlemsmøte

1. Medlemsmøte skal haldast så ofte styret gjer vedtak om det, likevel minst ein gong kvart kvartal. Saksliste vert bestemt av styret og skal kunngjerast på førehand.

2. Medlemmar som ønskjer saker tekne opp i medlemsmøtet bør sende forslag om det til styret. Forslag som ikkje er komne inn tre dagar før medlemsmøtet vert halde eller som vert fremja på medlemsmøtet, kan ein ikkje krevje skal behandlast før på det etterfølgjande møtet.

§ 47 Klubbstyret

1. Klubben skal ha eit styre.
2. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmane er til stades. Ved likt røystetal, har leiaren dobbeltrøyst.

§ 48 Oppløysing

1. Ein klubb vert oppløyst når medlemsgrunnlaget ikkje lenger er til stades. Den siste leiaren sender melding til foreining/fylkeslag. I dette tilfelle trer § 41 i kraft.
2. Om klubben vert oppløyst, går alltid aktiva i klubben til foreiningskassa, evt. fylkeslagskassa.

Kap. 4

Fagblad, utval og heimesider

§ 49 Fagblad og heimesider i forbundet

1. Forbundet skal gje ut fagbladet "I skolen", og i tillegg drifte ei heimeside. Dette skal vere forbundet sine organ ut og gje medlemmar og andre innsyn i verksemda i forbundet.
2. Fagbladet og heimesida skal presentere forbundet sine standpunkt og i best mogleg grad spegle den utdanningspolitiske debatten.
3. Ansvarleg redaktør vert valt av forbundsstyret, eller forbundet kan kjøpe tenesta av andre fagblad.
4. Ansvarleg redaktør er underlagt alminnelege presseetiske prinsipp og lover.

§ 50 Forhandlingsutval

Forbundsstyret fungerer som forbundet sitt forhandlingsutval.

§ 51 Organisasjonsutval

1. Organisasjonsutvalet er rådgjevande organ for forbundsstyret i organisasjonssaker.
2. Utvalet kan i spesielle tilfelle fungere utøvande for forbundet ved oppbygging av organisasjonen gjennom skoloring, informasjon og vervarbeid.
3. Utvalet har ansvar for å revidere forbundet sine vedtekter før landsmøtet og innstiller overfor landsstyret.
4. Utvalet skal vere rådgjevande organ for forbundsstyret/landsstyret i tolking av vedtektene.
5. Utvalet skal bestå av 5 medlemmar med erfaring frå organisasjonsarbeidet i forbundet, deriblant ein frå administrasjonen i forbundet som er leiaren i utvalet. Går nokre av medlemmane ut i perioden, skal utvalet supplerast etter vedtak i landsstyret.
6. Ein forbundssekretær skal fungere som den faste sekretæren i utvalet og har tale- og forslagsrett.
7. Verksemda i utvalet skal finansierast ut frå ei ramme fastlagt i forbundet sitt budsjett for kvart år.

§ 52 Utdanningspolitisk utval

1. Utdanningspolitisk utval er rådgjevande organ for forbundsstyret i utdanningspolitiske spørsmål, og utvalet har ansvar for å førebu revisjonen av utdanningspolitisk prinsipp- og handlingsprogram før landsmøtet og innstiller overfor landsstyret.
2. Medlemmane i utvalet kan representere forbundet på møte og konferansar der utdanningspolitiske spørsmål vert drøfta.
3. Utvalet skal utarbeide innstillingar og fråsegner om utdanningspolitiske spørsmål, blant anna på oppdrag frå administrasjonen i forbundet.
4. Utvalet skal leggje opp til debatt i organisasjonsledda i forbundet om nye/uavklarte utdanningspolitiske spørsmål.
5. Utvalet skal bestå av 5 medlemmar deriblant ein frå administrasjonen i forbundet som er leiar i utvalet. Går nokre av medlemmane ut i perioden, vert utvalet supplert etter vedtak i landsstyret.
6. Verksemda i utvalet skal finansierast ut frå ei ramme fastlagt i forbundet sitt budsjett for kvart år.
7. Ein forbundssekretær skal fungere som den faste sekretæren i utvalet og har tale- og forslagsrett.

Kap. 5

Retningslinjer

A – Stønad til organisasjonsaktivitetar

1. Fylkeslag, foreiningar, klubbar og utval, kan søkje om støtte til spesielle organisasjonsaktivitetar frå forbundet.
2. Søknader skal innehalde eit mest mogleg spesifisert budsjett og skildring av føremålet med tiltaket.
3. Søknader skal innehalde spesifiserte opplysningar om den økonomiske statusen til søkerane.
4. Forbundsstyret kan løyve støtte til:
 - a) -- driftsutgifter som vert sett som naudsynte for å oppretthalde den organisasjonsmessige aktiviteten i eit organisasjonsledd som har svak økonomi, eller som av andre grunnar treng økonomisk støtte til verksemda si.
 - b) -- møteutgifter for organisasjonsledd som pga. spesielle tilhøve ikkje har økonomisk grunnlag for å arrangere dei vedtektsbestemte representantskapsmøta - eventuelt andre møte som vert sett på som organisasjonsmessig naudsynte.
 - c) -- startkapital for nye foreiningar som vert oppretta.
 - d) -- andre lokale organisasjonsmessige føremål, f.eks: brosjyrar og materiell i samband med informasjon og opplysningsverksemd i organisasjonsledda.
 - utgifter i samband med spesielle informasjons-, agitasjons- eller verveopplegg.
 - lønns- og reiseutgifter i samband med kortvarig agitasjonsoppdrag.
 - tilskot til utgjeving av lokale meldingsblad.
 - e) -- Lokale, regionale eller sentrale kurs, konferansar og møte av fagforeiningsmessig eller utdanningspolitisk art.
 - f) -- Særleg sentrale tiltak for skolering, informasjon og medlemsverving.
5. Driftsstøtte kan ikkje løyvast til utval og fageksjonar.
6. Forbundsstyret skal ha halvårlege oversiktar over slike aktivitetar.
7. Landsstyret kan gjere endringar i desse retningslinjene.

B – Arbeidet til kontrollkomiteen

1. Kontrollkomiteen skal gjennomgå protokollen frå dei organa som forpliktar forbundet for å sikre at vedtak som vert fatta er i samsvar med vedtekter og fullmakter. Komiteen skal leggje spesiell vekt på den økonomiske sida av verksemda i forbundet.
2. Kontrollkomiteen har ansvar for å sjå etter at handlingsplanar og budsjett vert følgde opp.
3. Kontrollkomiteen kan til alle tider forlange å få sjå forbundet sine dokument og korrespondanse, og krevje at tillitsvalte og tilsette gjev dei opplysningar som komiteen meiner er naudsynte for å utføre vervet sitt.
4. På det økonomiske området er det naturleg at komiteen samarbeider med den revisoren frå LO sitt revisjonskontor som har forbundet som ansvarsområde. Saman med revisoren skal det setjast opp ein plan for kontroll med økonomiske disposisjonar og registrering av desse. Oppgåver som kontrollkomiteen tek stilling til, kan vere forvaltninga av forbundet sine verdiar, løyvingar og større innkjøp.
5. Kontrollkomiteen og revisjonen har eit sjølvstendig ansvar for kvart av sine område. Desse områda vil i praksis gå noko i kvarandre, så det vil vere naturleg med eit samarbeid med forbundet sin revisjon, men det endrar ikkje på det sjølvstendige ansvaret kvar av desse har for sitt område.
6. Kontrollkomiteen skal halde seg orientert om revisjonen sine oppgåver og sjå til at revisjonen fungerer slik det er gått ut i frå i vedtekter og avtalar.
7. Kontrollkomiteen og revisjonen skal samarbeide slik at felles ressursar vert brukte på ein effektiv måte.
8. Protokollar frå møta i komiteen skal innehalde ein oversikt over kva som er behandla og kontrollert, og kva for nokre konklusjonar komiteen har trekt. Protokollen bør ikkje i detalj skildre komiteen sine arbeids- og kontrollmetodar. Protokollen går til forbundsstyret.
9. Til det møtet som handsamar årsmelding og rekneskap gjev komiteen melding om arbeidet sitt og kva for nokre konklusjonar han har trekt for sitt ansvarsområde. Det vil vere naturleg om komiteen i meldinga si legg mest vekt på område som revisor ikkje handsamar i si melding.
10. Kontrollkomiteen bestemmer sjølv når og korleis han skal arbeide ut frå dei vedtak som er gjevne av landsmøtet. Ingen andre organ eller personar kan påleggje komiteen avgrensingar.

11. Komiteen har eit stort ansvar for at han med oppførsel eller utsegner ikkje kastar grunnlause mistankar på nokon. Inntil komiteen har materiale nok for å trekkje sikre konklusjonar, bør skriv til organ og personar skje i spørjande form. Komiteen bør sørge for i størst mogleg utstrekning å ha skriftleg dokumentasjon til å underbygge konklusjonane sine. Desse krava til varsemnd må ikkje vere til hinder for at komiteen går inn for å undersøkje saker og forhold sjølv på grunnlag av ein spinkel mistanke eller som del av rutinemessige kontrollar.
12. Til landsmøtet i forbundet gjev kontrollkomiteen si eiga melding for landsmøteperioden, ut ifrå dei same kriteria som den årlege meldinga.
13. Landsstyret kan, dersom verksemda i komiteen medfører større økonomiske belastningar, setje visse økonomiske rammer for verksemda.